



3. Religion, sekularitet og definisjonsmakt. Amerikansk mormonisme i møte med norsk protestantisme, ca. 1840–1914

Frode Ulvund

Samandrag Dei første misjonærane frå Jesu Kristi Kirke (Mormonkyrkja) kom til Skandinavia på 1850-talet. I dette kapittelet analyserer eg framstillinga av mormonismen hjå fire norske prestar som gav ut sentrale skrifter med skildring av kyrkjesamfunnet i perioden mellom 1846 og 1912. Analysen viser at i det transatlantiske møtet mellom mormonisme og skandinavisk protestantisme vart den «inntrengande» gruppas religiøsitet (mormonismen) i heile perioden desakralisert og utdefinert som eit sekulært fenomen av protestantar med definisjonsmakt.

Nøkkelord mormonisme | religiøsitet | misjonering | Skandinavia

Abstract The first missionaries from The Church of Jesus Christ of Latter-day Saints arrived in Scandinavia in the 1850s. In this chapter I analyse how the religion was represented by four Norwegian priests who all published well-read pamphlets presenting the Church between 1846 and 1912. The analysis show that in the transatlantic encounter between Mormonism and Scandinavian Protestantism, the religious authenticity of the «intruding» group was contested and the Church defined as a fraud and a secular phenomenon by Protestants exercising the power of definition.

Keywords Mormonism | religiosity | mission | Scandinavia

INNLEIING

Ei av dei største kultur- og mediehendingane i siste del av 1800-talet var den store verdsutstillinga i Chicago i 1893. Utstillinga hadde tre overordna tema. Det første skulle framheve sekulære bragder gjennom undertema som styring (government),

handel og produksjon, det andre kultur, medan det siste var ein restkategori der ulike konferansar og forelesingar var sentrale.¹ Den kanskje mest betydelege av desse konferansane var «World's Parliament of Religions» (heretter Parlamentet). Formålet med konferansen skal ha vore å føre saman i «brotherly sympathies any who are groping, however blindly, after God».² Over 17 dagar, og med 700 000 besøkande, vart ei rekke religiøse tema tatt opp. Blant anna vart representantar for ulike religionssamfunn verda rundt inviterte for å presentere seg. Invitasjonen gjekk breitt og globalt ut, og berre sultanen i Konstantinopel og erkebiskopen av Canterbury skal ha avslått. Protestantiske grupper dominerte, og fleire religionssamfunn – som dei til amerikanske urinnbyggjarar og afrikansk-amerikanarar – var underrepresenterte og fekk uforholdsmessig liten plass i programmet. Ei gruppe vart ganske enkelt ikkje invitert; *Jesu Kristi Kirke av Siste Dagers Hellige*, eller «Mormonkyrkja» som dei er kjent som. Kyrkjessamfunnet føretrekker sjølv å bli omtalt som «Jesu Kristi Kirke» i kortform.³ Grunngivinga for utesstenginga var at mormonismen vart sett på som eit forstyrrande («disturbing») element.⁴

Parlamentet har blitt sett på som viktig for ein byrjande vitskapleg, komparativ tilnærming til religionar og for etableringa av disiplinen religionsvitenskap.⁵ Eksem-

1 Blant anna heldt Frederick Jackson Turner sitt i amerikansk kultur- og historieforsking berømte foredrag «The Significance of the Frontier in American History».

2 Smith, Konden Rich, «Appropriating the Secular: Mormonism and the World's Columbian Exposition of 1893», *Journal of Mormon History* 34(4), (2008): 153–180, 154.

3 Kyrkja føretrekker det fulle namnet *The Church of Jesus Christ of Latter-day Saints*, og i nokre samanhengar blir termen sett på som ringeaktande. Inntil 2018 kunne likevel kyrkja oppfatte termen som uproblematisk i mange tilfelle og brukte han også sjølv. I ei offisiell erklæring frå august 2018 oppmoda derimot president Russel M. Nelson om at termen ikkje lenger vart brukt, og starta ein prosess for å fjerne han der han vart nytta i kyrkja. Innan akademia, også blant dei som er mormonar, er likevel termen brukt vidt, og han blir reflektert i etablerte fagfelt som «Mormon Studies» og «Mormon History Studies», institusjonalisert i fagfellevurderte tidsskrifter som *Journal of Mormon History* og *International Journal of Mormon Studies* og i organisasjoner som Mormon History Association og European Mormon Studies Association.

4 Om utesstenginga, sjå Smith, «Appropriating the Secular» og Reid L. Neilson, *Exhibiting Mormonism. The Latter-day Saints and the 1893 Chicago World's Fair* (New York: Oxford University Press, 2011).

5 Smith, «Appropriating the Secular», 159. Sjå også Tomoko Masuzawa, *The Invention of World Religions. Or, How European Universalism Was Preserved in the Language of Pluralism* (Chicago and London: The University of Chicago Press, 2005), 265ff. Organisatoren av parlamentet, presbyterianaren John Henry Barrows, omtalte det som «first school of comparative religions». John Henry Barrows, *The world's parliament of religions: an illustrated and popular story of the world's first parliament of religions, held in Chicago in connection with the Columbian exposition of 1893* (Chicago: The Parliament Publishing Company, 1893), 73.

pelvis vigde eigne seksjonar seg til meir akademiske foredrag om religionar.⁶ Parlamentet i seg sjølv var i beste fall protovitskapleg, og komparasjonen hadde som formål å framheve protestantiske konfesjonar ved å kontrastere «siviliserte» religionar (protestantisme) med mindreverdige («barbariske» og «primitive») religionar. Leiaren for verdsutstillinga uttrykte eksplisitt at målet var «progress of civilization and the advancement of the Christian religion».⁷

Utestenginga av mormonane handla dels om ei etablert forståing i det amerikanske majoritetssamfunnet av at mormonane representerte ein samfunnsmoralisk og subversiv fare som ikkje burde gis aksept. Men det handla også om defineringa av kva som var autentiske religionar, og som dermed kunne gå inn i samanlikningsgrunnlaget, som sivilisert eller primitiv religion.

Parlamentet illustrerer slik måtar å kategorisere religiøse fenomen på, som høgverdige og «primitive», som moderne og arkaiske. Eksklusjonen av mormonane illustrerer også korleis religiøs autentisitet vart forhandla, og korleis protestantisk definisjonsmakt bidrog til ei form for desakralisering av andre sin religiøsitet. Ved å nekte mormonisme status som legitim religion vart han også løfta ut av ein religiøs samanheng. I staden vart han diskutert og stempla som eit sekulært fenomen som vart påstått å utnytte lettruande folks religiøse kjensler.

Jesu Kristi Kirke var heilt frå 1830-talet internasjonalt orientert ved å sende ut misjonærar. Innan midten av 1800-talet var misjonsverksemda deira global med misjonærar i land i Europa, Asia, Afrika, Sør-Amerika og Oseania. Frå 1850-talet var Skandinavia eit viktig misjonsfelt og vart slik eit mål for global misjonsverksamhet minst like tidleg som regionen aktivt bidrog til global misjonsverksemد.⁸ Mormonmisjonærane var ofte utvandra skandinavar og etter kvart etterkommarar av desse. Jesu Kristi Kirke etablerte seg organisatorisk i alle dei skandinaviske landa, sjølv om dei formelt ikkje hadde lov til å organisere seg verken i Noreg eller Sverige. Kyrkjesamfunnet var hierarkisk organisert. Lokale kyrkjelydar var leia av misjonærar. Desse var underordna regionale organ (i Noreg lenge lokalisiert til Kristiania, Bergen og Trondheim) og ein «Mission» leia av ein president. Fram til Sverige vart skilt ut i 1905, var Skandinavia ein eigen misjon, og frå 1920 vart også den dansk-norske misjonen delt. Samling («Gathering») i Zion, konkretisert til

6 Michael Stausberg, *Die Heilsbringer. Eine Globalgeschichte der Religionen im 20. Jahrhundert* (München: C.H.Beck. 2020), 28.

7 George R. Davis, «The World and the World's Fair. An Article by the Director-General». I *History of the World's fair; being a complete and authentic description of the Columbian exposition from its inception*, Benjamin Cummings Truman, (Philadelphia: H.W. Kelley, 1893), 202.

8 Om misjonsverksemda, sjå antologien Reid L. Neilson, Reid L. og Fred E. Woods, *Go Ye into All the World: The Growth & Development of Mormon Missionary Work*, edited by Provo (UT: Religious Studies Center, 2012).

Utah, var fram til mellomkrigstida sentralt, og utvandringa av konverterte var lenge organisert og finansiert av kyrkja.

Både framstillingane av kyrkjesamfunnet, og motstanden mot det, var prega av internasjonale og transnasjonale prosessar. Mormonmisjonærane var mobile på tvers av grenser, det same var også antimormonske aktørar, og i endå større grad antimormonske skrifter og førestillingar om kva Jesu Kristi Kirke var, og kva dei representerte.

Dei første omtalane av mormonar i Noreg er fra 1830-talet og baserte seg særleg på reproduksjon av framstillingar i amerikanske medium. Her vart dei framstilte som ein eksotisk raritet, men med tidlege amerikanske klagemål om bedrageri og fanatisme til stades.⁹ Dei første mormonmisjonærane kom til Noreg i 1851, og dei kom raskt i konflikt med norske styresmakter og ulike lutherske aktørar. Mormonne si misjonsverksemd vart tidleg også ei mediesak. «Mormonsproblemet» varte ved heilt til mellomkrigstida og kulminerte på mange måtar dei første tiåra på 1900-talet.¹⁰

Gjennom ein studie av fire norske prestar si framstilling av mormonismen i ein periode på 66 år mellom 1846 og 1912 skal eg i dette kapittelet vise korleis den religiøse karakteren til mormonismen vart tematisert i Noreg, og korleis denne fremja forståingar av den amerikanske religionen som i første rekke eit sekulært prosjekt. Alle desse prestane skreiv bøker som advarte sterkt mot mormonismen, bøker som vart mykje leste og omtalte. Dei deltok også aktivt i ein offentleg debatt om mormonismen gjennom møter og foredragsturnéar. I den diskursive kampen om korleis mormonismen skulle definerast og forståast, hadde desse derfor betydeleg definisjonsmakt i det offentlege rom i Noreg.

Trass i at den religionspolitiske situasjonen i Noreg var svært ulik frå USA, er det eit sentralt poeng her at den hegemoniske representasjonen av Jesu Kristi Kirke i Noreg var produkt av transnasjonale prosessar der biletet av ein abstrakt mormonisme vart importerte frå USA til Noreg. Det galdt også etter at misjonærar frå kyrkjesamfunnet var høgst konkrete storleikar frå byrjinga av 1850-talet.

9 Sjå Frode Ulvund, «Travelling Images and Projected Representations. Perceptions of Mormonism in Norway in the middle of the 19th Century», *Scandinavian Journal of History*, (2), 208–230. (2016). Den første kjende omtalen frå Morgenbladet 4.10.1831: «I Ohio [har] en ny sværmersk Religionsssect dannet sig, der kalder sig Mormoniter og tager stor Overhaand.»

10 Sjå Frode Ulvund, «Eit angrep på nasjonen? Mormonisme, konspirasjonsteoriar og moralsk panikk i Noreg og Sverige, 1900–1914». *Arr no. 3*, (2019): 3–15.

SANNE RELIGIONAR, FALSKE RELIGIONAR OG DET SEKULÆRE

Den amerikanske historikaren J. Spencer Fluhman argumenterer for at det hegemoneiske biletet av mormonismen i det amerikanske samfunnet har gått gjennom ulike fasar. Først, etter stiftinga av trussamfunnet i 1830, vart religionens profet (Joseph Smith) skildra som ein bedragar som fann opp ein oppdikta (fake) religion.¹¹ Frå midten av hundreåret, og særleg etter borgarkrigen (1861–1865), vart mormonismen framstilt som ein framand og uamerikansk religion, før han frå slutten av hundreåret vart sett på som ein falsk religion.¹² Fluhman meiner derfor at diskursen om mormonismen endra seg, frå å handle om autentisiteten til mormonismen som religion, til å handle om mormonismen som falsk og kjettersk religion ved hundreårsskiftet.

Den amerikanske litteraturvitaren Terryl Givens har hevdat at amerikansk investering i religionsfridom som idé, om enn ikkje i praksis, gjorde det problematisk å angripe religiøse avvik frå hegemonisk protestantisme. Religiøs intoleranse måtte derfor rekonfigurerast i sekulære termar, og uønskte religiøse avvik måtte konstruerast som fare for amerikanske verdiar og institusjonar. Ved å løfte diskursen om mormonismen ut av ein religiøs sfære vart motstand mot religionen legitim.¹³ Også Fluhman har argumentert i same retning. Mormonismen vart frå starten framstilt som eit medvite bedrageri som ulike antimormonske aktørar skulle «avmaskere», «avsløre» eller «avdekke». ¹⁴ Dermed vart mormonismen nekta status som religion, og skuldingar om religiøs intoleranse og forfølging kunne følgjeleg avvisast. Ein sentral tese hjå Fluhman er at den antimormonske diskursen spelte ei sentral rolle ved å definere kva som kunne reknaast som religion i den religionspluralistiske republikken.

Kristen teologi har heilt frå urkyrkja si tid skilt mellom sanne og falske religionar, slik også islam og jødedom gjer.¹⁵ Den indisk-belgiske religionsprofessoren S.N. Balagangadhara har argumentert for at i skiljet mellom det religiøse og det

11 J. Spencer Fluhman, ‘*A Peculiar People*’. *Anti-Mormonism and the making of religion in Nineteenth-Century America*. (The Chapel Hill: The University of North Carolina Press, 2012), 22.

12 Fluhman, ‘*A Peculiar People*’, 8.

13 Terryl Givens, *The Viper on the Hearth. Mormons, Myths, and the Construction of Heresy*. (New York: Oxford University Press, 1997), 18f.

14 Døme er publikasjonar i samtida som Eber D. Howe, *Mormonism Unveiled, or a Faithful Account of that Singular Imposition and Delusion* (1834), William Swartzell, *Mormonism Exposed* (1840), E.G. Lee, *The Mormons; or, Knavery Exposed* (1841), John C. Bennett, *The History of the Saints; or, An Exposé of Joe Smith and Mormonism* (1842), den siste også trykt under kortittelen *Mormonism Exposed*.

15 Ingvild Gilhus og Lisbeth Mikaelsson, *Hva er religion* (Oslo: Universitetsforlaget, 2007), 130ff.

sekulære er det nødvendig med eit tredelt, ikkje ei tradisjonelt todelt perspektiv: det religiøse, det potensielt religiøse og det sekulære. Dei tre perspektiva represerte sann religion, falsk religion og det sekulære.¹⁶ Predikata «sann» og «falsk» vart brukte om særskilte handlingar, skriv han; sann religion var det å tilbe den sanne Gud, medan falske religionar tilbad falske gudar. I denne forståinga var alle måtar å tilbe (den sanne) Gud på uttrykk for sann religion, og alle former for djeveldyrkning (avgudsdyrking) var falsk religion. På den måten framstod det sekulære eller det religiøst likegyldige som ein restkategori, det som verken var sann eller falsk religion.

Historisk sett, argumenterer Balagangadhara, forutsette derfor forståinga av kva som var sekulært, samtidig ei definering av, og dermed etablering av eit skilje mellom, det sanne og det falske (men potensielt religiøse) Også den amerikanske religionsvitaren Tomoko Masuzawa har i sin diskusjon om korleis «verdsreligionar» vart kategoriserte mot slutten av 1800-talet, argumentert for at den moderne diskursen om religion og religionssamfunn heilt frå byrjinga var ein diskurs om sekularisering og andregjering («othering»).¹⁷

Det sekulære er slik kopla tett saman med det religiøse, både den såkalla sanne og kanskje særleg den falske (potensielle) religiøsitet. Og her er maktaspektet sentralt, ikkje minst fordi ein definisjon av omgrepet *religion* er problematisk og skiftande.¹⁸ Kategorisering av religionar, som falske eller sanne, som primitive eller siviliserte, var avhengig av kven som hadde definisjonsmakta. Kategoriseringa er derfor også geografisk og historisk skiftande. Den amerikanske teologen William Cavanaugh koplar religionsforståinga, og dermed også sekularitetsforståinga, til slik makt: «What counts as religious or secular in any given context is a function of different configurations of power.»¹⁹ Religiøsitet kan dermed bli desakralisert eller nekta status som sakralt i det offentlege rom og bli definert som sekulært, samtidig som det påstått sekulære kan ha ei religiøs rolle for dei med definisjonsmakta.

16 S. N. Balagangadhara, «On the Dark Side of the ‘Secular’: Is the Religious-Secular Distinction a Binary?» *Numen* 61, no.1 (2014): 33–52, 37.

17 Tomoko Masuzawa, *The Invention of World Religions. Or, How European Universalism Was Preserved in the Language of Pluralism* (Chicago and London: The University of Chicago Press, 2005), 20.

18 Sjá t.d. Oliver Krüger sin analyse av korleis religion har blitt definert i oppslagsverk frå 1700- og 1800-talet, og Stausberg og Gardiner (2017) sin diskusjon om korleis religion har blitt definert i religionsvitenskapleg forsking, og ikkje minst diskusjonen om ein slik definisjon er mogleg eller nødvendig. Oliver Krüger, «‘Religion’ definieren. Eine wissensoziologische Analyse religionsbezogener Enzyklippädistik», *Zeitschrift für Religions- und Geistesgeschichte* 69, no. 1 (2017).

19 William T. Cavanaugh, *The Myth of Religious Violence* (Oxford: Oxford University Press, 2009), 3–4.

I det følgjande skal eg undersøke korleis slike forståingar og kategoriseringar av religiøsitet ligg til grunn for dei fire prestane sine omtalar av Jesu Kristi Kirke. Men først må bakgrunnen for den sterke aversjonen mot Jesu Kristi Kirke kort gjerast greie for.

«MORMONISM EXPOSED»

Jesu Kristi Kirke vart etablert i USA i 1830 med Joseph Smith som profet. Kort fortalt hevda Smith at han fekk ei guddommeleg openbaring om ei israelittisk stamme som hadde utvandra til det amerikanske kontinentet om lag 600 år før vår tid. Etter krossfestinga skal Jesus ha oppstått blant desse. Mormon si bok, som fortel om dette, er saman med andre skrifter og profetens stadige openbaringar læregrunnlag ved sida av Bibelen. Dei mormonske openbaringsskriftene blir av mormonar sett på som ei restaurering av evangelia dei meiner etablerte kyrkjesamfunn har korrumper i hundreåra etter Jesu tid. Desse supplementære openbaringsskriftene har ført til at mange ikkje ser på mormonar som kristne, og var årsaka til at norsk Högsterett i 1853 erklærte dei som ikkje-kristne.

Vekkingar og etablering av nye kyrkjesamfunn var utbreidd i USA på byrjinga av 1800-talet, men mormonane skilde seg snart ut som kommunalistiske samfunn og vart oppfatta som politisk, sosialt og økonomisk dominerande – og derfor truande – blant sine naboar.²⁰ Ganske raskt vart kyrkja omtalt i samsvar med ei konspirasjonsorientert forteljing om religiøse minoritatar som samfunnsfare. Eit tidleg døme er John C. Bennett, ein fråfallen mormon som tidlegare hadde ein høg posisjon i kyrkja. I sensasjonsprega form skildra han i 1842 det han kalla ein kolossal mormonsk intrige i store delar av USA, der kyrkjesamfunnet gjennom oprør og utnytting hadde planar om å etablere «eit militært og religiøst imperium» med profeten som «keisar og pave».²¹ Bennett vart for mange eit sentralt sanningsvitne, og forteljinga hans fekk breitt gjennomslag. Det galdt også i Noreg, der boka hans i mange tilfelle vart sett på som eit påliteleg kjeldeskrift. Ifølgje Bennett var det ingen tvil om at kyrkjesamfunnet var eit bedrageri under dekke av religiøsitet:

I HAVE been induced to prepare and publish the following work by a desire to expose the enormous iniquities which have been perpetrated by one of the

20 Ei innføring i historia til kyrkjesamfunnet er Matthew Bowman, *The Mormon People. The Making of an American Faith* (Westminster: Random House, 2012). Om kyrkjesamfunnets tidlege historie, sjå Benjamin Park, *Kingdom of Nauvoo: The Rise and Fall of a Religious Empire on the American Frontier* (New York: Liveright, 2020).

21 Bennett, *The History of the Saints*, 5.

grossest and most infamous impostors that ever appeared upon the face of the earth, and by many of his minions, under the name and garb of Religion, and professedly by the direct will and command of Almighty God.²²

Konfliktane mellom kyrkjesamfunnet og nabosamfunn resulterte i drapet på Joseph Smith i 1844. To år etter byrja hovuddelen av mormonane, under leiing av den nye profeten Brigham Young, sin store «exodus» til Utah, som då formelt framleis var del av Mexico. Etter den meksikansk-amerikanske krigen vart området ein del av USA, og frå 1850 organisert som territorium underlagt føderale styresmakter i Washington. Kyrkjesamfunnet dominerte Utah demografisk, politisk og økonomisk og etablerte eit samfunn med klare teokratiske trekk. Særleg proklamasjonen av polygami som religiøs doktrine i 1852 førte til ein langvarig konflikt med den føderale regjeringa, og det medførte både militær, juridisk og politisk press mot kyrkja. I 1896, seks år etter at kyrkja gjekk bort frå polygami som doktrine, vart Utah innlemma som stat i USA. Det bidrog også til ei byrjande normalisering i tilhøvet mellom Utah og resten av USA, og særleg frå mellomkrigstida vart kyrkjesamfunnet i aukande grad religiøst integrert i den religionspluralistiske republikken.

Mormonane vart tidleg konstruerte som ei framand kvasi-etnisk gruppe, etter kvart også med distinkte fysiske kjenneteikn. Dette var tett kopla opp til ei orientalisering. Heilt frå starten vart mormonane assosiert med Austen. Den første omtalen av Mormons bok frå 1831 samanlikna ho med persiske eventyr.²³ Mormonsk røynsle med forfølging og fordriving, segregering og førestillingar om å vere eit utvald folk, og betydninga av *Exodus* og innsamlinga i Zion (*Gathering*), var openberre parallellar til israelittane si forteljing.²⁴ I endå større grad vart mormonar assosiert med islam. Smith vart framstilt som ein sjølverklært profet og omtalt som «Another Mohammad», slik også Brigham Young seinare vart.²⁵ I samband med dei valdelege konfliktane i Missouri på 1830-talet kom skuldingar om at mormonismen, «like the religion of Mahomet ... carries in one hand the sword of vengeance and rapine, and in the other the pretended revelations of the Most High».²⁶ Etter kvart vart polygamiet («Mormon Harem») den sentrale moto-

22 Bennett, *The History of the Saints*, 3.

23 Vekkingspredikanten og forfattaren Richard McNemar skreiv i 1831: «In looking into this curious volume it reminded me of the Persian tales which I used to read when a boy & with which I was much delighted.» I Richard Francaviglia, ‘Like the Hajis of Mecca and Jerusalem’: Orientalism and the Mormon Experience. *Leonard J. Arrington Mormon History Lecture Series*, No 17. (Logan: Utah State University Press, 2001) 4.

24 Francaviglia, «Like the Hajis of Mecca and Jerusalem», 6.

25 Francaviglia, «Like the Hajis of Mecca and Jerusalem», 35.

26 Swartzell (1838), her sitert frå Fluhman, *A Peculiar People*, 38.

ren i orientaliseringa, og til koplinga mellom mormonisme og Austen sine moral-ske utskeiingar og til dei dominerande bileta av islam som døme på politisk tyranni maskert som religiøs fromheit.²⁷

Heilt frå starten var slike forståingar sentrale då kyrkjesamfunnet vart omtalt i Noreg. Eit sentralt døme er Det teologiske fakultet. I etterkant av dei første konfrontasjonane mellom misjonærar frå kyrkjesamfunnet og norske styresmakter bad Kyrkjedepartementet i 1852 fakultetet om å uttale seg om mormonane burde vernast av dissenterlova. Det gjekk fakultetet inn for, men samtidig gjekk profesorane god for skildringa av Jesu Kristi Kirke som eit verdsleg-politisk prosjekt snarare enn eit eigentleg religionssamfunn:

Et andet Spørgsmaal er, om ikke Mormonismen, bortset fra dens store Vildfarelse og Farlighed i religiøs Henseende, indeholder i sit Princip og sin Tendens, hvad der kan blive yderst farligt for Stats- og Borgersamfundet som saadan. Hertil maa Fakultetet ytre, at det efter de Oplysninger, det har kunnet erhverve sig om Sekten, og efter dens Skjæbne i de nordamerikanske Stater, hvor dog, som bekjendt, Religionsfriheden hersker i sin videste Udstrækning, antager, at dens Tendens er, lig Gjendøberne i Reformationstiden, at stifte et hierarkisk, geistlig-verdsdig Rige, en Stat i Staten; ligesom Mormonbogen turde være opdigtet, ja Partiet i det Hele stiftet i denne Hensigt.²⁸

Stempinga av mormonismen som oppdikta vart støtta av Eilert Sundt, som var ein aktiv motstandar av mormonismen på midten av 1850-talet. I to lengre artiklar i Morgenbladet slo han fast at det var allment kjent at Joseph Smith var «en vitterlig Bedrager» og religiøs falskmyntar, Mormons bok var ein «Fabel» som baserte seg på ein ikkje utgitt roman som Smith skulle ha tileigna seg.²⁹

I det følgjande skal eg sjå korleis mormonismen sin autentisitet som religion vart omtalt av fire andre norske prestar. Framstillingane eg ser på, er Johannes W.C. Dietrichson si *Reise blandt de norske Emigranter i «De forenede, nordamerikanske Fristater»* (Stavanger 1846), Svend Borchmann Hersleb Walnum si *Om Mormonerne* (Bergen 1852), Andreas Mortensen si *Fra mit Besøg blant Mormonerne* (Kristiania 1887) og Karl Schreiner sine to pamflettar *Mormonerne. Hvem er de? Hva vil de?* (Kristiania 1911) og *Mormonerne og deres lære. Foredrag holdt i Calmeyergatens missionshus 26. mars 1912* (Kristiania 1912). Kva plass hadde seku-

27 Fluhman, *A Peculiar People*, 38.

28 RA/S-1040/E/E05/L001. Mormonpakken. Justisdepartementet 2. sivilkontor C. Betenkning fra Det teologiske fakultet, datert 14.10.1852.

29 Morgenbladet nr. 65, 6.3.1855; Morgenbladet nr. 66, 7.3.1855.

lære forklaringsmodellar når mormonismen og autentisiteten til religionen vart problematisert hjå desse? Og i kor stor grad var denne forståinga eit resultat av transnasjonale prosessar? Endra dette seg frå 1840-talet til 1910-talet?

JOHANNES W.C. DIETRICHSON: «DET HELE BEDRAGERIE»

Johannes Dietrichson (1815–1883) var den første norskordinerte presten i USA, og i åra 1844–1850 reiste han rundt i Nord-Amerika, dels som misjonær og dels for å undersøke dei religiøse tilhøva til norske utvandrarar på kontinentet.³⁰ Her møtte han også norske samfunn der mormonisme hadde fått fotfeste, særleg i Fox River i Illinois. Han skreiv brev tilbake om det han erfarte, og fleire av desse vart trykte i norske aviser i åra 1844–1845, også hans omtalar av mormonane.³¹ Under ein retur til Noreg i 1845–1846 fekk han trykt sine reiseskildringar (Stavanger 1846), der mormonismen fekk betydeleg plass.³² Han grunngav omtalen sjølv med at så mange nordmenn i USA allereie hadde konvertert, og fordi det skulle vere planar om å sende misjonærar til Noreg.

Det var på denne tida allereie skrive ein god del om mormonane i norske aviser, og den observante lesar må ha hatt eit visst biletet av Joseph Smith og kyrkjesamfunnet hans. Dette var skapt av importerte forteljingar fra amerikanske aviser, og Dietrichson var den første nordmannen som skildra mormonismen basert på eigne observasjonar i USA, og etter møte med (norsk-amerikanske) mormonar. Vurderingane hans var likevel først og fremst baserte på det han har «hørt» og «veed» frå andre, ifølgje han sjølv.

Første del av framstillinga hans tok for seg oppkomsten og utviklinga til kyrkjesamfunnet. Typisk nok la Dietrichson vekt på å skildre Smith sin familie som omstreifande lurendreiarar som hadde gjort det til næringsveg å innbille folk at dei hadde spesielle eigenskapar. I første omgang galdt dette evner til å oppdage nedgravne skattar, gull- og sølvførekomstar – såkalla «money diggers». Snart skal faren ha spreidd eit rykte om at sonen Joseph skulle ha fått openbaringar. I skildringa av openbaringane og hendingane som førte fram til trykkinga av Mormons bok, etableringa av kyrkjesamfunnet og konfrontasjonane med nabosamfunn på 1830- og tidleg 1840-talet, var Dietrichson ganske nøktern i språkforma. Han var

30 Vidar Haanes, *Johannes Wilhelm Christian Dietrichson*, i Norsk biografisk leksikon på snl.no.

31 Avisene *Nordlyset*, 20. desember 1844 og *Den norske Rigstidende*, 3. november 1844 gjengav eit brev frå Dietrichsen trykt i Stavanger Amtsblad, der «Marmoniterne», stifta av Joseph Smith, vart omtalt.

32 Johannes Wilhelm Christian Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter i «De forenede nord-amerikanske Fristater»* (Stavanger: Kielland, 1846).

lite normativ og gav att forteljinga slik mormonane langt på veg ville ha fortalt ho sjølve. Også når det gjeld omtalen av kyrkjesamfunnet si lære, var stilten noktern. Han var kort i omtalen og la vekt på mormonane sin påstand om at Bibelen er sentral, at Kristi kyrkje var blitt forvanska og korrumper kort tid etter urkyrkja si etablering, men at Smith var utvald til å gjenreise kyrkja.

Den nokterne gjennomgangen vart avrunda med ei klar avvising: «Dette er, hvad jeg har hørt om denne den anden Mahumeds falske Lære, der har bedaaret saa mange Tusinder.»³³ Læra vart stempla som falsk, og tilhengarane hennar som forleda («bedaaret»). Orientaliseringa gjennom å assosiere Smith med islam sin profet var vanleg i USA. Det var ein representasjon som tvillaust påkalla førestillingar om politisk despoti ikledd religiøse masker, også for norske lesarar. Smith vart vidare omtalt som ein «selvgjort Profet», og Dietrichson slo fast at «der gives Intet saa afsindigt, at ikke den faldne Menneskesjel kan forvildes deraf». ³⁴ Dei forvilla menneskesjelene vart likevel eit stykke på veg unnskyldt. Det var lett for udanna folk å la seg blende av Smiths talegåver og hans «Kunster» i å tale gåtefullt og høgtideleg.

For Dietrichson var det sentralt å poengtere at Smith ikkje var ein religiøs figur, ein kristen kjettar som hadde feiltolka Bibelen. Det heile var tvert om eit medvite bedrageri, og Smith hadde her ein medsamansvoren i Sidney Rigdon, som Dietrichson omtalte som mormonismen sin eigentlege far. Rigdon samarbeidde nært med Smith i den første tida, men dei kom etter kvart i konflikt med kvarandre, og han vart etter kvart bannlyst. Då skal han «fortaltes der, ... have givet Oplysninger, der blotte det hele Bedragerie». Mormons bok var ganske enkelt ei avskrift av ein roman, skriven av Salomon Spaulding tidleg på 1800-talet, slo Dietrichson fast. Manuskriptet hans vart aldri trykt, men låg i eit trykkeri der Rigdon fekk tilgang til det. Dietrichson forklarte at Rigdon ønska å gi det ut som «en ny Aabenbaring fra Gud», og at han hadde sett for seg Smith som «et virksomt Redskab» i planen. Sistnemnde var derimot overlegen i «Aand» og gjorde Rigdon til sin eigen viljelause reiskap. Innhaldet i gulltavlene skulle vere «paa ubetydelige Forandringer nær, det samme som findes i Spauldings Manuskript».³⁵

For å underbygge argumentasjonen om mormonismen som eit bedragerisk prosjekt løfta Dietrichson fram døme på svindel som han «hadde hørt». I eit tilfelle skal Smith ha blitt avslørt då han skulle vise at han kunne gå på vatnet. Dietrichson forklarte at dette skjedde ved at ei kunstig bredd var anlagt like under overflata. Dette skal ha blitt oppdaga, og borda var blitt sagde over av nokon som ville avsløre

³³ Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 100.

³⁴ Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 100.

³⁵ Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 101.

han. Då Smith fall i vatnet og nesten drukna, skal dette ha blitt forklart med at han ikkje var sterk nok i trua, og plankane vart «behendigen» fjerna for at «ei Bedrageriet skulde opdages».³⁶ I eit anna tilfelle skal ein farmar på kveldstid ha fått besøk av ein mann som bad om å få overnatte. I løpet av natta skal han ha ropt i smerter og lagt seg skindød. Morganen etter kom to mormonar, som skulle vere Joseph Smith og Sidney Rigdon, tilfeldigvis på besøk til farmaren. Dei bad om å få forsøke gjenoppliving av den døde. Farmaren vart mistenksam og spurde om dei kunne ha klart dette mirakelet også om hovudet og kroppen hadde vore åtskilt. Då dei svarte ja til dette, skal farmaren ha tatt øksa og lét som han ville kappe hovudet av den skindøde, som straks sprang opp i frykt. Mormonane måtte då vedgå at alt var avtalt spel mellom den «døde», Joseph Smith og Sidney Rigdon.³⁷

Slike anekdotar hadde ein sentral plass i Dietrichson si stempling av mormonismen som bedrageri. Han var sjølv inne på at det nok fantes mange oppdikta forteljingar som framstilte mormonismen i därleg lys, men, konkluderte han, at mormonismen, «der er bygget paa Bedragerie», dreiv med slike svindelforsøk, var visst.³⁸

Sjølv om mormonismen slik ifølgje Dietrichson gav seg ut som eit religiøst fenomen, og openbaringsskriftene og talemåtane til Smith bar preg av gamalmodig bibelsk språk, vart dette framstilt som eit sekulært og verdsleg prosjekt: «At det var ærgjerrige politiske Planer, som drev Joseph Smith, synes meget rimelig», meinte Dietrichson.³⁹ Profeten hadde bygd opp ei militær makt i Nauvoo – «the Nauvoo Legion» – der han sjølv var general og stod i spissen som ein «ægte Pave» for kyrkja sine militære og kommersielle interesser. Alliansar og konspirasjonar med urinnbyggjarane skal ha vore ein viktig del av kyrkja sine «politiske Operationer» for å nå målet om makt. Motivet skal ha vore politisk makt og planar om å bli president i USA.

I siste del av framstillinga tok Dietrichson for seg korleis mormonismen kom til uttrykk blant norskamerikanarar. Her skifta perspektivet frå bedrageri til villfaring og vrangførestillingar. Dei omvende var prega av «Forvirringens Aand» og «Galenskab». Tungetale, var han blitt fortalt, vart framført med «frygtelige Grimasar og med skjælvende Læber», og ein leiande norskamerikansk mormon skal «bleg og skjælvende have raset mod mig og hvad jeg havde sagt» i etterkant av ein gudsteneste der han talte mot mormonismen.⁴⁰

36 Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 102

37 Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 104.

38 Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 104.

39 Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 104.

40 Dietrichson, *Reise blandt de norske Emigranter*, 109ff.

Mange i samtidene opplevde det som irrasjonelt at slike religiøse «svermerier» fekk fotfeste, og forklarte det derfor i medisinske termar. På same måte som kvekarar og læstadianarar kunne omtalast som offer for «enthusiasme» og andre samtidige karakteristikkar på såkalla religiøse sinnslidningar, kunne også overgangen til mormonisme sjukeleggjerast og dermed fråfall frå statskyrkja si lære bortforkla-⁴¹ rast. Sjukeleggjering vart assosiert med behov for smittevern og behandling, og det bidrog til å verdsleggjere mormonisme som eit samfunnsmedisinsk problem snarare enn ei religiøs utfordring. Slike medisinske assosiasjonar løfta religiøse avvik ut av ein religiøs sfære og styrka oppfatninga av at tvangsinngrep kunne være nødvendig og legitimt. At sinnslidninga vart kopla opp til eit bedrageri, og dermed til eit høgst timeleg prosjekt, plasserte mormonismen innan sekulære rammer som ei form for pervertert religion. Det kan forklare kvifor Dietrichson ganske enkelt avviste at mormonismen var ein autentisk religion og i stor grad unnlét å argumentere for korleis mormonismen på teologisk grunnlag var ei villfarande lære.

SVEND B.H. WALNUM: «INTET ANDET END EN ROMAN»

I Bergen vart presten Svend Borchmann Hersleb Walnum (1816–1889) oppskremd av dei første mormonske misjonærane som særleg var verksame langs kysten mellom Bergen og østfoldbyane. Han kom til Bergen som fengselsprest i 1851 og vart i 1855 kapellan og seinare sokneprest ved Nykirken.⁴² Han vart raskt ei verksam religiøs kraft i byen og gav også ut eit *Søndagsblad for Lutherske Christne* saman med Chr. Nygaard og J. Brinch Lund. Bladet hadde stor utbreiing i Bergen, og det var her han i 1852 åtvara mot mormonmisjonærane i ein artikkelserie.⁴³ Same året vart desse artiklane utgitt samla i pamflettform, «Efter Opfordring».⁴⁴ Walnum grunngav åtvaringane med at mormonmisjonærane no var komne til «vort kjære Fædreland» for å forføre «dyrekjøpte Sjæle ved deres Løgne».⁴⁵

Også han byrja med ei historisk framstilling av mormonismen som han skreiv bygd på forteljingar frå danske tidsskrifter, heilt i samsvar med Dietrichson si

41 Ulvund, «Travelling Images», 221ff. Sjå også Astri Andresen for ei framstilling av kva rolle religiøs galskap spelte i forståinga av Kautokeino-opprøret i 1852. Astri Andresen, «In the Wake of the Kautokeino Event: Changing Perceptions of Insanity and the Sámi 1852–1965», *Acta Borealia* 24, no. 2 (2007): 130–142.

42 Daniel Thrap, *Den norske kirkes historie i det nittende aarhundrede. Biografiske skildringer. Anden samling.* (Kristiania: Th. Steens forlagsexpedition, 1890), 90, 371ff.

43 *Søndagsblad for Lutherske Christne* (1852), nr. 30, 31 og 32.

44 Svend B. Walnum, *Om Mormonerne* (Bergen: F.D. Beyer forlag, 1852).

45 Walnum, *Om Mormonerne*, 3.

framstilling. Mormons bok var ifølge Walnum sine kjelder ei avskrift av Spaulding sitt manus og derfor «intet Andet end en Roman». ⁴⁶ Og som Dietrichson la Walnum vekt på å framstille tvilsame trekk ved familien Smith, med vekt på ugudeleg og løgnaktig framferd. For Walnum var det ingen tvil om at formålet med religionsstiftinga var økonomisk. Smith og hans nærmeste ønska pengar, og openbaringar om overføring av eigedomar og verdiar til kyrkja og kollektiv bygging av hus og institusjonar som Smith kontrollerte, vart forståtte som prosjekt for personleg vinning hjå Smith. ⁴⁷ Det same galtdt framstillinga av ulike økonomiske verksemder som Smith tok initiativ til, og som gjekk fallitt. Det religiøse bedrageriet vart slik kopla til økonomisk bedrageri.

Då Walnum skreiv sine tekstar, var hovudbølet av mormonane flytta til Utah under leiing av den nye profeten Brigham Young. Det teokratiske prosjektet i vest fekk stor merksemd hjå Walnum og underbygde for han forteljinga om Jesu Kristi Kirke som eit verdsleg-politisk prosjekt. Han karakteriserte det mormonske samfunnet som eit «Pavedømme i sin allerværste Skikkelse». ⁴⁸ Han fant belegg for dette ved å sitere eit brev føderale embetsmenn i Utah hadde sendt til den amerikanske presidenten året før. Her gav dei uttrykk for at dei måtte legge ned embetsutøvinga på grunn av lovlause handlingar og den fiendtlege stemninga som guvernør Brigham Young hadde kanalisiert mot dei. Mormonkyrkja, heldt dei fram, «overskygger og fører Opsigt med sine Medlemmers Meninger, Handlinger, Eiendom, ja! endog deres Liv». Kyrkja hadde skaffa seg lovgivande og dømmande makt i territoriet, og ho hadde oppretta og kommanderte ein egen krigsstyrke. ⁴⁹ Kyrkja tok kontroll over og selde offentlege landeigedomar, kravde tiender og skattar frå innbyggjarane, og sette sin eigen mynt i omløp. I spissen for dette stod profeten, som «øvede et ubetinget Herredømme over de Vankundige og Letroede». ⁵⁰

Slik vart det mormonske samfunnet framstilt som ei teokratisk statsdanning der krav på politisk og økonomisk makt vart forkledd og legitimert som religiøse doktrinar. Som for Dietrichson var dei som gjekk over til mormonismen, offer. Ikkje så mykke offer for sjukdom og galskap, men som lettruande og ignorante offer som derfor ikkje var i stand til å avkle mormonismen sine «Usannheder». Ein viktig grunn var mormonane sin kyniske misjonsstrategi, ved «først at forkynde en del almindelige christelige Sandheder, og undgaae de Punkter, hvori de især afvige fra Kirkelæren». Falskt og sant var blanda saman, skreiv Walnum, med «meget Fær-

46 Walnum, *Om Mormonerne*, 8.

47 Walnum, *Om Mormonerne*, 12.

48 Walnum, *Om Mormonerne*, 18.

49 Walnum, *Om Mormonerne*, 35f.

50 Walnum, *Om Mormonerne*, 35.

dighed».⁵¹ Mormonane si framstilling av synd og gudløyse i samfunnet kunne Walnum slutte seg til, men svaret var ikkje å bli mormon. Det var viktig for Walnum å «avsløre» korleis misjonærane la seg retorisk tett opp til slik allmenn kristen botsforkynning, og i motsetnad til Dietrichson, som først og fremst framstilte den mormonske læra nökternt, gjekk Walnum til angrep med dels sarkastiske omtalar av kva læra og skriftene deira eigentleg sa.

I tillegg kunne Walnum føre fram eit nytt ankepunkt som ikkje var kjent for Dietrichson, nemleg polygamiet. Først same året tekstane vart skrivne, vart polygami offisielt erklært som ein doktrine i kyrkjå, men Walnum var vel kjend med rykte og påstandar om at dette var omfattande, og særlig vart sett på som eit privilegium for dei mektigaste i kyrkjesamfunnet.⁵² For Walnum, som for så mange andre på denne tida, var fleirkoneriet eit brot med det sjette bodordet og bevis for at mormonane ikkje berre var ugudelege, men umoralske vellystingar. Ut over på 1850-talet var det nettopp fleirkoneriet, og trusselen det representerte mot samfunnet sin og staten sin moralske grunnvoll, som skulle bli avgjerande i fordømminga av kyrkjesamfunnet, både i Noreg og i USA.

Tre år seinare gav Walnum ut ei revidert og utvida utgåve av pamfletten frå 1852. Han forklarte at dei lågare sosiale laga i Bergen framleis ikkje var kjende med mormonane si lære fordi dei i liten grad hadde kjøpt og lest åtvarande pamflettar. Den nye utgåva vart trykt i eit så stort opplag at ho gratis kunne leggast ut på dørterskelen til alle hus i byen «hvor man har Grund til at frygte for Mormonernes Kunstgreb».⁵³ Den reviderte utgåva inkluderte stort sett poengar frå pamfletten i 1852, men diskuterte mormonismen også i ein religiøs kontekst. Ikkje ved å anerkjenne mormonisme som religion, men ved å framstille han som Djævelens verk. Han siterte Matteus 7:15 om å vakte seg for falske profetar som sneik seg rundt som ulvar utkledde i färekledde, og misjonærane var Djævelen i forkledning; «Thi Satan selv patager sig Skikkelse af en Lysets Engel».⁵⁴

Walnum åtvara i sine skrifter mot å bli religiøst forført av mormonismen. Slik anerkjende han mormonismen si religiøse kraft og potensial til å dekke religiøse behov, i alle fall i ein innleiande fase. Men mormonismen framstod ikkje som ein autentisk religion for han, men som eit medvite løgnaktig bedrag med formål om verdsleg politisk og økonomisk makt, etter kvart omtalt som bokstavleg tala djævelske handlingar. Framstillinga si av mormonane bygde han på utanlandske fram-

51 Walnum, *Om Mormonerne*, 23, 39.

52 Walnum, *Om Mormonerne*, 32ff.

53 Svend B. Walnum, «*Vogter Eder for de falske Propheter!*». Et Advarsels-Ord imod Mormonerne» (Bergen: Fr. D. Beyers Bogtrykkeri, 1855).

54 Walnum, «*Vogter Eder for de falske Propheter!*», 5.

stillingar, først og fremst danske tidsskrifter, som igjen må ha bygd på amerikanske forteljingar. I gjennomgangen av mormonane si lære viste han til skriftene deira, men gav ikkje uttrykk for å ha lese desse sjølv – i motsetnad til Eilert Sundt, som la ned eit stort arbeid i å skaffe seg og lese mormonane sine skrifter. Walnum baserte seg sannsynlegvis på andre si framstilling også av læra. Slik var det importerte førestillingar som låg til grunn for Walnum sin omtale av det mormonske kyrkjесamfunnet og deira læregrunnlag.

ANDREAS MORTENSEN: «INTET ANDET END EN KOLOSSAL POLITISK OG KOMMERCIEL MASKINE»

Dietrichson hadde røynsle fra USA og møter med norskamerikanske mormonar. Walnum sin kjennskap var abstrakt og må eine og aleine ha basert seg på utanlandske framstillingar. Andreas Mortensen (1849–1904) var norsk sjømannsprest i New York mellom 1880 og 1885. Før han returnerte til heimlandet, besøkte han Utah og Salt Lake City. Tilbake i Noreg vart han i 1886 sekretær i Kristiania Indremission, med motarbeiding av mormonismen som sentralt arbeidsområde, og besøket i Utah skal ha vore ei førebuing til det. Han heldt foredrag om mormonismen og gav i 1887 ut ei reiseskildring under tittelen *Fra mit Besøg blandt Mormonerne*. Fordi mormonismen kom i forkledning for å lokke lettruande sjeler, ifølge Mortensen, understreka han verdien av eigne observasjonar der mormonismen vart praktisert:

Skal derfor [mormonismen] kunne afsløres, da maa man se “de sidste Dages hellige”, som de fortrinsvis kalder sig, i deres Hjem, deres “forjættede Zion”, man maa grave sig gjennem den kjedelige, aandsfortærende Mormonlitteratur, man maa leve blandt dem, og selv da er det vanskelig at kunne trænge til Bunds i dette Dyb af Uretfærdighed og Løgn, som Mormonismen er.⁵⁵

Sjølv om Mortensen la vekt på deltagande observasjon i Zion og lesing av skriftene deira som nøkkel til å forstå kyrkjесamfunnet, var forteljinga i stor grad i samsvar med annan litteratur om mormonane som var kjent i Noreg frå før. Men den personlege tilnærminga og sjølvopplevde anekdotar gjorde framstillinga meir lettlesen og gav ho samtidig også større truverd.

Mortensen gav uttrykk for at kyrkja i Utah hadde opna «Fløidørene for Sanse-ligheden» på vid vegg med læra om polygami, ein praksis som øydedla kvinnene

55 Andreas Mortensen, *Fra mit Besøg blandt Mormonerne* (Kristiania: P.T. Mallings Boghandels Forlag, 1887), 5.

sine «fineste og ædleste Følelser», og som ein i eit kristent samfunn elles berre såg når «Vantro, Ugudelighet og Verdensaandens dødelige Gift» hadde fått virke over lang tid.⁵⁶ I tillegg til moralsk forderving formidla også han eit bilet av kyrkjå som eit verdsleg motivert bedrageri. Ho var

intet andet end en kolossal politisk og kommersiel Maskine, gjennem hvilken nogle faa kan have Magt over Tilhængernes Liv og Formue ved stadig at true dem med Udstødelsens og Fordømmelsens Rædsler, ved Løfter om sanselige Nydelser i denne Verden samt et muhamedansk Paradis efter Døden, hvis de er tro.⁵⁷

Målet for denne «maskina» var rett og slett verdsherredøme («Verdens Erobring») ved at alle regjeringar på jorda skulle tvingast til å underkaste seg prestedømet i Utah.⁵⁸ Mortensen brukte mykje plass på å skildre ei kyrkje med vilje til å ta alle midlar i bruk – ikkje minst valdelege – for å fremje saka si. Det var førestillingar som også på den tid vart assosiert med jesuittar, som Grunnlova ekskluderte frå landet nettopp fordi dei vart oppfatta som samfunnsfarlege og i samsvar med typiske konspirasjonsorienterte forteljingar om religiøse andre. Valden skulle vere retta mot ytre fiendar, mot føderale styresmakter og andre ikkje-mormonar som vart oppfatta som truande mot kyrkja, men også mot eigne medlemmar for å disiplinere og motarbeide fråfall.

Som Dietrichson og Walnum avviste Mortensen mormonismen som eigentleg religion. Joseph Smith, ein listig «religiøs Bedrager», hadde saman med medmansvorne, «fabrikeret Mormonismens System».⁵⁹ Uttrykk som «bedrager» og «bedrageri» er gjennomgåande i framstillinga, og Smiths openbaringar vart også forstått som fabrikkerte ved at dei alltid vart refererte til med hermeteikn, og framstilte i sarkastiske ordelag: «'Aabenbarelser' formelig pøstes ud af Joseph Smith.»⁶⁰ Mormonismen sine stiftarar hadde slik utgitt det som religion, medan den hegemoneske forståinga i den ikkje-mormonske offentlegheita var at Jesu Kristi Kirke var ein sekulær institusjon som på falskt vis gav seg ut for å vere religiøs av natur.

Mortensen skildra likevel mormonismen som eit slags religiøst system og kategoriserte han blant andre «lågareståande» religionar. Gudsforståinga deira var, som «enhver Dumskak maa smile af», noko som «stiller Mormonismen i Rang

56 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 175ff.

57 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 232.

58 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 259.

59 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 15.

60 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 21.

med de laveste Religioner», og når det galdt gudeomgrepet boltra mormonteologien seg «omkap med de vildeste hedenske Religioner».⁶¹ Mortensen plasserte mormonismen som «et av vor Tids Uhyrer paa det religiøse Omraade».⁶² Men som religion vart han framstilt som etterapande og verdilaus. Han var «sammenlimet af saagodtsom alle Troesbekjendelser.»⁶³ Mortensen viste til element frå jødedom, metodisme, millenialisme, katolisisme, muhammedanisme, buddhisme, egyptiske religionar så vel som baptism, presbyterianisme, episkopalisme som brotstykke på kvekarane og *the shakers* sine læresetningar. Mormons bok var for Mortensen ein fiksjon – også han viste til Spaulding sin roman – som vart støtta opp gjennom plagiering av utvalde delar frå etablerte religionssystem.

Som reiskap for «Mørkets Magter» tilla Mortensen likevel mormonismen ei viktig religiøs rolle i kampen mellom det gode og det vonde:⁶⁴

Mørkets Fyrste fik en frygtelig Tjener i Brigham Young, og det synes, som skal denne dæmoniske Religion sluge Tusinder af Ofre endnu. Forfærdelse kan vel grieve os mangen en Gang, naar vi hører om antikristelige Redskaber, saaledes som de fremträder saa aabenlyst i Joseph Smith og Brigham Youngs Personer, og naar vi ser den skrækkelige Rækkeevne, som deres Løgne og Gjerning har havt.⁶⁵

Mortensen viste slik ei kompleks haldning til mormonismen som religion. Kyrkjefamfunnet vart først og fremst framstilt som eit sekulært fenomen, der eit fabrikert religionssystem var instrumentelt i eit timeleg politisk-økonomisk maktprosjekt. Samtidig vart det forstått innan ein religiøs kontekst, i funksjonen av å vere ein falsk religion og satans verktøy i kampen mellom det gode og det vonde.

KARL SCHREINER: «VRÆNGEBILLEDE AV EN RELIGION»

Frå hundreårsskiftet tok mormonsk misjonærverksemd seg opp, og krav om tiltak mot mormonismen kom frå mange hald i Noreg og andre stader på denne tida. I Nord-Europa kulminerte det i 1911 då ein moralsk panikk førte til at spørsmålet om kampen mot mormonar vart tatt opp i fleire nasjonalforsamlingar, inkludert den britiske, norske og svenske.⁶⁶

61 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 73, 90.

62 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 63.

63 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 64.

64 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 44, 48.

65 Mortensen, *Fra mit Besøg*, 69-70.

66 Ulvund, «Eit angrep på nasjonen?».

Karl Schreiner (1865–1947) var kallskapellan i Vestre Aker mellom 1906 og 1935. Han var nær knytt til Menighetsfakultetet og vart lærar ved Misjonsskolen for kvinner då han opna i 1920. Skulen vart etablert av Det Norske Misjonsselskap, ein sentral aktør i norsk ytremisjon. Nettopp i 1911 gav Sedelighetsforeningen ut pamfletten hans *Mormonerne. Hvem er de? Hvad vil de?*. Våren etter heldt han fleire foredrag mot mormonismen og fekk også desse trykt av Sedelighetsforeningen.⁶⁷ Schreiner omtalte Smith som «Vestens Muhammed» og skildra ein oppvekst i ein uvitande, overtruisk og løgnaktig familie. Mormons bok, skreiv Schreiner, var «oppdiget fra først til sidst» og «intet andet end et opkok av en yderst fantastisk roman» som Smith hadde fått tak i på ulovleg måte.⁶⁸ Brigham Young var om mogleg endå frekkare enn Smith og kunne ifølgje Schreiner «kort og godt betegnes saaledes: Bedrager, horkarl, morder – og profet og yppersteprest!».⁶⁹ I eigenskap av det siste var han ytst brutal og despotisk. Religionen deira var «en fanatisk og forvirret blanding av jødedom, muhamedanisme, simpelt hedenskap og endelig en del kristelige tanker, som selvfølgelig er blit frygtelig forvrængte».⁷⁰ Dei var verken meir eller mindre enn heidningar, slo han fast.

Enkelte passasjar av læra vart gitt att for å underbygge «den rædselsfulde begrepsforvirring og det tykke aandelige mørke som raader hos disse stakkars mennesker», og for å overtyde lesaren om at mormonismen var eit «vrængebillede av en religion».⁷¹ Mormonismen var så tett knytt til usedelegheit og kvit slavehandel med kvinner at han ikkje burde tolast i noko kristent land. I foredraget og pamfletten som kom ut året etter, vart alt dette utdjupa. Samtidig som han slo fast at «mormonismen fra først til sidst er et eneste stor bedrageri, en eneste sammenhængende spekulasjon i menneskers uvidenhed og kritikløshet», vart han også omtalt som «dæmonisk».⁷²

Schreiner sin kjennskap til mormonismen og historia til religionen var avgrensa til det han hadde lest og høyrt om frå andre. Den antimormonske litteraturen var omfattande og lett tilgjengeleg, den flaut fritt på tvers av grenser, og det meste var basert på klagemål og representasjonar importerte frå ein amerikansk kontekst. Han skreiv seg slik inn i ei tradisjonell forteljing med lange røter.

67 Karl Schreiner, *Mormonerne. Hvem er de? Hvad vil de?* (Kristiania: De norske sedelighetsforeningers centralstyre, 1911).

68 Schreiner, *Mormonerne. Hvem er de?*, 5.

69 Schreiner, *Mormonerne. Hvem er de?*, 7.

70 Schreiner, *Mormonerne. Hvem er de?*, 8.

71 Schreiner, *Mormonerne. Hvem er de?*, 10.

72 Karl Schreiner, *Mormonerne og deres lære. Foredrag holdt i Calmeyergatens missionshus 26. mars 1912.* (Kristiania: Sedelighetsforeningens centralstyre, 1912), 10, 16.

SEKULARISERT RELIGIØSITET – RELIGIØS SEKULARITET

Synsmåtane som kom til uttrykk hjå dei prestane eg har sett på her, dominerte også den offentlege samtalen om mormonane, i aviser og tidsskrifter, på Stortinget og innan Kyrkjedepartementet, fram til mellomkrigstida.⁷³ Misjonærverksemda vart i liten grad anerkjent som legitim religiøs praksis blant leiande religionspolitiske aktørar. Den store merksemda kring misjonsverksemda tapte seg etter midten av 1920-talet, men biskop Andreas Fleischer i Bergen stempla mormonisme som «det mest typiske døme på religiøs svindel og humbug som finst» så seint som i 1932, og på 1950-talet omtalte tidlegare biskop i Oslo, Eivind Berggrav, dei som herjande «pirater» som ikkje burde anerkjennast.⁷⁴

Forteljingane om Jesu Kristi Kirke si historie og den samfunnsfarlege lera dei vart påstått å representere, var transatlantiske og transnasjonale. Det same kan sei-ast om kyrkja sjølv, både gjennom nærværet utanfor USA, den organiserte oversjøiske samlinga i Utah og praksisen med å sende norskamerikanske og andre misjonærar tilbake til Skandinavia. Alt frå før dei første misjonærane kom til Skandinavia, var førestillingane om dei importerte og etablerte i ein skandinavisk offentlegheit. Skildringane av teokratiske ambisjonar, valdelege konfliktar og use-deleg polygami bygde på amerikanske forteljingar. Det var i USA mormonismen vart oppfatta å vere eit reelt moralsk og politisk problem i konflikt med føderale styresmakter. Slik baserte dei norske førestillingane seg på abstrakte mormonar og ein abstrakt mormonisme, sjølv om misjonærane var konkrete.

Det finst døme på kritiske motrøyster til desse skildringane, særleg når mormonar i Noreg, og ikkje abstrakt amerikansk mormonisme, vart omtalte. Om ein ser bort frå mormonane sjølve, var motrøyster mest vanleg i arbeidarrørsla sine aviser.⁷⁵ Men også politiet, som med samtykke frå politiske styresmakter medvite ignorerte mormonane si ulovlege religionsutøving, grunngav dette med deira still-ferdige framferd. Faktisk gav politimeisteren i Oslo alt i 1880 uttrykk for at mor-

73 Frode Ulvund, *Nasjonens antiborgere. Forestillinger om religiøse minoriteter som samfunnsvierder i Norge, ca. 1814–1964* (Oslo: Cappelen Damm Akademisk. 2017). Ulvund viser at dette også gjeld Sverige, og til dels Danmark, på same tid. Frode Ulvund, *Religious Otherness and National Identity in Scandinavia, c. 1790–1960. The Construction of Jews, Mormons and Jesuits as Anti-Citizens and Enemies of Society* (Berlin, Boston: De Gruyter, 2021).

74 Ulvund, *Nasjonens antiborgere*, 161f.

75 Eksempelvis skreiv *Social-Demokraten* 12. juli 1910: «Der er blit utsprett en masse likesaa naive som frække løgnhistorier om hvordan mormonismens ofre blir mishandlet naar de kommer til Utha [sic], om hvordan mænderne er blit utbyttet av kirken og kvinderne skjændet i templet. Fornuftige og oplyste folk skjærker naturligvis ikke disse historier nogen tiltro, men der findes desværre mange som ikke gjennemskuer humbugen, som ikke skjønner, at løgnhistorierne er utsprett i agitationsøiemed for at gagne kristendommen på bekostning av en anden religion.»

monar var kjende for sin «arbeidssomhed, ædruelighed og ærlighet».⁷⁶ I 1904 gjentok politimeisteren same stad desse karakteristikkane og la til at dei var lovlydige og «i det hele skikkelige folk» han gjerne såg fleire av.^{⁷⁷} Desse skildringane var i første omgang ikkje offentlege, men kom til uttrykk i intern korrespondanse mellom Kyrkjedepartementet og Justisdepartementet. Dei passa heller ikkje inn i det hegemoniske biletet som særleg kristen-konservative aktørar innan kyrkje og samfunnsliv formidla. Det vart tydeleg internt og eksternt at dei to departementa ikkje berre hadde prinsipielt ulike syn på kva som var staten sine oppgåver og handlingsrom på det religiøse feltet, men også at dei la til grunn ei ganske ulik røyndomsskildring av mormonismen si samfunnsfare. Då Justisdepartementet avviste Kyrkjedepartementet sitt forslag om ei særlov retta mot mormonar, var grunngivinga blant anna «at disse Anker tildels er noget overdrevne og ikke altid bygget paa et fuldt paalidelig Kjendskap til Mormonernes Liv og Lære». Grunngivinga vart også referert i avisar i samtida.^{⁷⁸}

For Dietrichson, Walnum, Mortensen og Schreiner var mormonismen eit fabrikkert religiøst system (*fake religion*) som dei likevel i varierande grad plaserte innan religiøse rammer. Det siste handla dels om at religiøs fabrikasjon heller ikkje for dei utelukka autentisk religiøs erfaring eller oppleving. Nettopp mormonismen si religiøse kraft og potensial til å dekke religiøse behov gjorde religionen farleg for statskyrkja. Det var typisk å skilje mellom bedragaren, som fabrikkerte, og den villfarne som vart religiøst forført. Den eine var ein kynisk bedragar, den andre uskuldig, men sjøleleg fordømt offer. Her fekk dei bibelske metaforane om falske profetar og glupske ulvar som angreip uskyldige lam, ein sentral plass for samtidas statskyrkjeprestar.

Mormonismen sin autentisitet vart avvist som oppdikta fiksjon. Det var i Noreg ei dominerande forståing heilt frå 1840-talet og fram til mellomkrigstida. Det var slik lita endring i måten kyrkjesamfunnet vart framstilt på, og synet på mormonismen i Noreg synes å vere meir statisk enn det Fluhman og andre har skildra for mormonismen i USA. Stemplinga av mormonismen som fabrikasjon og religiøst bedrageri var heile tida ei kjerneskulding i Noreg. Jesu Kristi Kirke vart dermed i heile perioden først og fremst sett på som ein sekulær organisasjon med ei sekulær målsetjing (politiske, økonomiske og seksuelle makt), men som skjulte dette bak ei religiøs maske.

76 RA/S-1040/E/E05/L001, Mormonpakken, leg 1887-1915. Erklæringer frå politimeistrane i 1900 (Samla i JPD 0313C1906) og brev frå Kristiania politikammer datert 22.11.1880 og november 1880 (JPD 1552C87).

77 RA/S-1040/E/E05/L001, Mormonpakken, leg 1887-1915. Fortruleg brev frå politimesteren i Kristiania, datert 13.12.1904.

78 Eksempelvis *Morgenbladet* gjengav svaret 10. august, 1910.

Samtidig vart mormonismen også her sett på som ein falsk religion i den forstand at religionen representerte avgudsdyrkning. Dei omvende, dei «forførte» som trudde på læra, vart forstått å dyrke avgudar fordi mormonismen sitt gudeomgrep og teologi i det heile vart sett på som falskt. Som religionssystem vart mormonismen følgjeleg stempla som heidensk, og dei som trur på han, som heidningar. Det same kan for så vidt seiast om leiarskapet i Jesu Kristi Kirke. Sjølv om dei først og fremst vart framstilte som bedragarar og dermed flytta ut av den religiøse sfæren og inn i ein sekulær, vart handlingane deira forståtte som drivne fram av sataniske krefter. Unntaket var Dietrichson, som heller la vekt på ei medisinsk forklaring. «Bedrageriet», motivert av verdsleg attrå for makt og vinning, vart slik satandyrking og bevis for at kristendommen kjempa mot mørke krefter. Sjølv om mormonismen i seg sjølv ikkje vart anerkjent som religion, fekk han dermed ein religiøs funksjon i den kristne (og underforstått sanne) religionen. Tomoko Masuzawa poengterte også betydninga nettopp falske religionar fekk for kristne aktørar på 1800-talet. Som del av «a vast reign of ‘Satan’s Empire’» vart dei prov på kristendommen si absolutte sanning, nødvendigheit og barmhjertigkeit.⁷⁹

AVSLUTNING

I norsk misjonshistorie er framstillinga prega av forteljingar om norske misjonsaktørar som bidrog til ei globalisert misjonsverksemد fra 1800-talet av. Parallelt med, og delvis i forkant av denne prosessen, vart Skandinavia eit mål for misjonsverksemد av transnasjonal og global karakter. Denne har vore mindre påakta i misjonshistorisk forsking.

Medan protestantiske misjonsaktørar, prega av tida si typiske konfesjonelle tilnærming, langt på veg tok legitimiteten til eigen religion og eiga verksemد i område der ikkje-kristne religionar var dominande, for gitt, vart ein delegitimrende, desakraliserande og utstøyande diskurs aktivert når Skandinavia vart misjonsfelt for framande og pågåande religionar. I mormonismen sine transatlantiske møte med norsk (og skandinavisk) protestantisme vart den «innstrengande» gruppa sin religiøsitet nekta status som religion og utdefinert som eit sekulært fenomen av protestantar med definisjonsmakt, samtidig som dette påstått sekulære fenomenet vart demonisert og fekk ei religiøs og eskatologisk betydning i den protestantisk-religiøse diskursen. Slik bygger denne analysen opp under Masuzawa sin argumentasjon om at den moderne diskursen om religion og religionssamfunn også er ein diskurs om sekularisering og andregjering («othering»).

79 Masuzawa, *The Invention of World Religions*, 56.

LITTERATUR

- Andresen, Astri. «In the Wake of the Kautokeino Event: Changing Perceptions of Insanity and the Sámi 1852–1965». *Acta Borealia* 24, no. 2 (2007): 130–142.
- Balagangadhara, S. N. «On the Dark Side of the ‘Secular’: Is the Religious-Secular Distinction a Binary?» *Numen* 61, no. 1 (2014): 33–52.
- Barrows, John Henry. *The world's parliament of religions: an illustrated and popular story of the world's first parliament of religions, held in Chicago in connection with the Columbian exposition of 1893*. Chicago: The Parliament Publishing Company, 1893.
- Bennett, John Cook. *The History of the Saints; Or, An Exposé of Joe Smith and Mormonism*, 1842.
- Bowman, Matthew. *The Mormon People. The Making of an American Faith*. Westminster: Random House, 2012.
- Cavanaugh, William T. *The Myth of Religious Violence*. Oxford: Oxford University Press, 2009.
- Davis, George R. «The World and the World's Fair. An Article by the Director-General». In *History of the World's fair; being a complete and authentic description of the Columbian exposition from its inception*, Benjamin Cummings Truman, Philadelphia: H.W. Kelley, 1893.
- Dietrichson, Johannes Wilhelm Christian. *Reise blandt de norske Emigranter i «De forenede nord-amerikanske Fristater»*. Stavanger: Kielland, 1846.
- Fluhman, J. Spencer. *'A Peculiar People': Anti-Mormonism and the making of religion in Nineteenth-Century America*. The Chapel Hill: The University of North Carolina Press, 2012.
- Francaviglia, Richard. 'Like the Hajis of Mecca and Jerusalem': Orientalism and the Mormon Experience. *Leonard J. Arrington Mormon History Lecture Series*, no. 17. Logan: Utah State University Press, 2001.
- Gilhus, Ingvild Sælid & Mikaelsson, Lisbeth. *Hva er religion*. Oslo: Universitetsforlaget, 2007.
- Givens, Terryl. *The Viper on the Hearth. Mormons, Myths, and the Construction of Heresy*. New York: Oxford University Press, 1997.
- Howe, Eber D. *Mormonism Unvailed, or a Faithful Account of that Singular Imposition and Delusion*. Painesville, Ohio: Telegraph Press, 1834.
- Krüger, Oliver. «‘Religion’ definieren. Eine wissensoziologische Analyse religionsbesogener Enzyklippädistik». *Zeitschrift für Religions- und Geistesgeschichte* 69, no. 1 (2017).
- Haanes, Vidar Leif. *Johannes Wilhelm Christian Dietrichson i Norsk biografisk leksikon* på snl.no, henta 3. juli 2020 frå https://nbl.snl.no/Johannes_Wilhelm_Christian_Dietrichson, 2020.
- Lee, E.G. *The Mormons; or, Knavery Exposed*. Philadelphia: E. G. Lee, 1841.
- Masuzawa, Tomoko. *The Invention of World Religions. Or, How European Universalism Was Preserved in the Language of Pluralism*. Chicago and London: The University of Chicago Press, 2005.
- Mortensen, Andreas. *Fra mit Besøg blandt Mormonerne*. Kristiania: P.T. Mallings Boghandels Forlag, 1887.
- Neilson, Reid L. *Exhibiting Mormonism. The Latter-day Saints and the 1893 Chicago World's Fair*. New York: Oxford University Press, 2011.
- Neilson, Reid L. & Woods, Fred E. (red.) *Go Ye into All the World: The Growth & Development of Mormon Missionary Work*, edited by Provo, UT: Religious Studies Center, 2012.
- Park, Benjamin E. *Kingdom of Nauvoo: The Rise and Fall of a Religious Empire on the American Frontier*. New York: Liveright, 2020.
- Schreiner, Karl. *Mormonerne. Hvem er de? Hvad vil de?* Kristiania: De norske sedelighetsforeningers centralstyre, 1911.
- Schreiner, Karl. *Mormonerne og deres lære. Foredrag holdt i Calmeyergatens missionshus 26. mars 1912*. Kristiania: Sedelighetsforeningens centralstyre, 1912.

- Smith, Konden Rich. «Appropriating the Secular: Mormonism and the World's Columbian Exposition of 1893». *Journal of Mormon History* 34, no. 4 (2008), 153–180.
- Stausberg, Michael & Gardiner, M. Q. Definition. I M. Stausberg & S. Engler. (red.). *The Oxford Handbook of the Study of Religion*, Online edition. Oxford University Press, 2017.
DOI: <https://doi.org/10.1093/oxfordhb/9780198729570.013.1>.
- Stausberg, Michael. *Die Heilsbringer. Eine Globalgeschichte der Religionen im 20. Jahrhundert*. München: C.H.Beck, 2020.
- Swartzell, W. *Mormonism Exposed*. Manglar publiseringssinformasjon, 1840.
- Thrap, Daniel. *Den norske kirkes historie i det nittende aarhundrede. Biografiske skildringer*. Anden samling. Kristiania: Th. Steens forlagsexpedition, 1890.
- Ulvund, Frode. «Travelling Images and Projected Representations. Perceptions of Mormonism in Norway in the middle of the 19th Century». *Scandinavian Journal of History* no. 2 (2016), 208–230.
- Ulvund, Frode. *Nasjonens antiborgere. Forestillinger om religiøse minoriteter som samfunnssfjender i Norge, ca. 1814–1964*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2017.
- Ulvund, Frode. «Eit angrep på nasjonen? Mormonisme, konspirasjonsteoriar og moralsk panikk i Noreg og Sverige, 1900–1914». *Arr* no. 3 (2019), 3–15.
- Ulvund, Frode. *Religious Otherness and National Identity in Scandinavia, c. 1790–1960. The Construction of Jews, Mormons and Jesuits as Anti-Citizens and Enemies of Society*. Berlin,Boston: De Gruyter, 2021. DOI: <https://doi.org/10.1515/9783110657760>.
- Walnum, Svend B. H. *Om Mormonerne*. Bergen: F.D. Beyer forlag, 1852.
- Walnum, S. B. H. «*Vogter Eder for de falske Propheter!*». *Et Avarsels-Ord imod Mormonerne*. Bergen: Fr. D. Beyers Bogtrykkeri, 1855.